


**Midt-Telemark
kommune**

Plan for eit trygt og godt psykososialt skulemiljø



Sist oppdatert 07.01.2019

Plan for å sikre elevane eit trygt og godt psykososialt miljø

«Opplæringa må ikkje berre rettast mot faginnhald, men også mot dei personlege eigenskapar ein ønskjer å utvikle,....

Ved å utforme varierte omgjevnader som gjer det mogleg for barn og unge å utvikle medvite samfunnsansvar og handlingskompetanse for rolla som voksen»

Frå Kunnskapsløftet L-06

Innhald

| | |
|---|----|
| 1. Innleiing..... | 5 |
| 2. Føremål..... | 5 |
| 3. Definisjonar: | 6 |
| 4. Haldningsskapande og førebyggande arbeid | 7 |
| 5. Handsaming..... | 10 |
| 6. Sanksjonar | 12 |
| 7. Kontinuerleg, langvarig og systematisk arbeid på skulane..... | 13 |
| 8. Kommunen si kontinuerlege oppfølging av arbeidet med kap. 9A | 16 |
| 9. Vedlegg | 18 |
| A. Meldeskjema - elevsamttale etter brot på ordens-/åtferdsreglement..... | 19 |
| B. Meldeskjema - eleven sitt psykososiale miljø..... | 20 |
| C. §9a - Elevane sitt skulemiljø - Aktivitetsplan | 21 |
| D. Referat – oppsummerande evaluering av aktivitetsplan etter Opplæringslova § 9A- 4 | 22 |
| E. Handlingsplan – sjekkliste § 9 A-5 – tilsette som krenkar..... | 23 |
| F. Prosedyre for handsaming av saker etter opplæringslova §9a..... | 24 |
| G. Prosedyre ved akutte saker etter opplæringslova §9a | 25 |
| H. Prosedyre for handsaming av saker etter Opplæringslova §9a | 26 |
| I. Sjekkliste for arbeid med elevane sitt skulemiljø | 27 |

Eleven si subjektive oppleving av skolemiljøet

Rektor har hovudansvar for skulen sine vurderingar, undersøkingar og tiltak

**OPPLÆRINGSLOVA KAPITTEL
9A «Trygt og godt skolemiljø»**

Handle raskt og riktig!

Aktivitetsplikt for skulane:

1. Følgje med
2. Gripe inn
3. Varsle
4. Undersøkje
5. Tiltak

Dokumentasjonsplikta

Skulane skal kunne dokumentere kva som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta.
* Meldeskjema / bekymringar
* Referat / notater frå møter i saka
* Vurderingar som er gjort undervegs, t.d. notater frå kontaktlærar
* **GJELD HEILE VEGEN!**

Kontinuerleg fokus på førebygging og avdekking

- ALLE VAKSNE I SKULEMILJØET!
- Høgt elevrelatert fokus på 9A i personalet, teammøter, klassemøter og fagmøter
- Plan- og tidfesta gjennomgang av elevar og elevsaker i høve til 9A
- 9A på tverrfaglege møter med helse, PPT, barnevern
- Skulens arbeid med 9A i FAU, SU og SMU (foreldreinvolvering)
- Involvere elevane aktivt i kva som gjev eit trygt og godt skolemiljø (elevmedverknad)
- Søk fagleg støtte hos kolleger, i litteratur, i forskning og fagmiljø (Udir, Læringsmiljøsenteret, m.fl.)
- Del dei gode historiene i arbeidet med 9A!

NULLMOBBING

DU HAR RETT TIL Å HA DET BRA



EIT LITE UTVAL LENKER TIL BAKGRUNNSSTOFF OM ARBEID MED OPPLÆRINGSLOVA KAP. 9A

- [Udir sin rettleiar til arbeid med kapittel 9A i Opplæringslova](#)
- [Udir si samleside om arbeid med skolemiljø](#)
- [Nullmobbing.no](#)
- [Mobbeombudet i Telemark](#)
- [Læringsmiljøsenteret sine sider om mobbing](#)
- ["Sånn får vi god skole" - Thomas Nordahl 27.04.2015 til forskning.no](#)
- [Foreldreutvalget for Grunnskolen – om arbeid med skolemiljø](#)
- [Hvordan foreldre kan bidra til mobbing](#)
- [Filmressursar frå nettkurs om skolemiljø frå UDir](#)

1. Innleiing

«Plan for eit trygt og godt skolemiljø» (heretter «Planen») i nye Midt-Telemark kommune skal vere ein heilskapleg plan frå fyrste klasse til og med ungdomsskule. Elevane vil ha stor nytte av at Midt-Telemark kommune tenkjer heilskapleg og legg føringar for felles innsats på dei fire skulane i kommune. Fylkesmannen i Telemark har ved tilsyn i 2015 påpeika behovet for dokumentasjon og planar i opplæringsarbeidet i Bø kommune. Skulane hadde før tilsynet planar og dokument som på ulike måtar tok i vare arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø. Nye Midt-Telemark kommune vil no samla planane og dokumenta frå Bø kommune og Sauherad kommune til eitt, og vil i tida framover halde klart fokus på implementering av planen. Dette vil skje på følgjande måte:

- Gjennomgang av planen på rektermøte før presentasjon ute på skulane
- Presentasjon av planen for personalet på alle skulane i samband med skulestart
- Driftssamtaler med rektorane som mellom anna skal syte for at planen blir følgd opp, og at behov for naudsynte endringar blir meldt vidare (sjå pkt. 7 for rutinar).
- Månadlege rektermøter, der skulane jamleg vil rapportere status og utfordringar i det psykososiale arbeidet.
- «Årshjul skole» og årshjul for analyse og oppfølging av resultat har sjekkpunkt for arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø

Sjå elles punkt 7 for detaljar om skulane og kommunen sine ansvarsområde.

2. Føremål

Midt-Telemark kommune ønsker at skuleelevane i kommunen skal oppleve eit skolemiljø som er trygt, inkluderande, fritt for mobbing, trakassering og andre krenkingar. Planen gjeld også for skulevegen.

Der kor skolemiljøet ikkje er trygt og godt vil vi at ønska hendingar blir tekne tak i, dei involverte blir høyrd og at tiltak for å hindre gjentaking blir sette i verk.

Elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø er lovfesta i Opplæringslova kapittel 9A. NOU 2015:2 «Å høyre til» beskriv tiltak og verkemiddel for å skape eit godt miljø.

Begge desse referansane dannar grunnlaget for denne planen.

Planen skal vere enkel i bruk, enkel å finne fram i, samstundes som den skal gje rettleiing i alle fasar av arbeidet med sikring av elevane sitt psykososiale miljø.

Planen er ein minimumsplan, der skulane sjølv kan ha ytterlegare planar og tiltak for å styrke eit godt psykososialt miljø.

"Alle elevar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring."
OL §9A-2.

Med psykososialt miljø meiner vi mellommenneskelege tilhøve på skulen, det sosiale miljøet, og korleis elevane og personalet opplever dette. Det psykososiale miljøet skal virke positivt på elevane si helse, trivsel og læring. Dei skal kjenne seg trygge og kjenne at dei er ein del av det sosiale livet på skulen.

Det er den enkelte elev si subjektive oppleveling av å bli krenka som er utgangspunktet for skulen si handtering av opplæringslova kapittel 9A, "elevane sin arbeidsmiljølov".

Elevens subjektive oppleving er ikkje nødvendigvis krenking, men det er elevens oppleving av hendinga som er utgangspunkt for vidare undersøkingar.

Opplæringslova § 9A–8 første ledd seier:

"Elevane skal få ta del i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet for eit trygt og godt skolemiljø.»

Eit godt psykososialt miljø kan utviklast gjennom:

1. Godt førebyggjande arbeid
2. Systematisk avdekking av mobbing
3. Klare reaksjonsformer

Midt-Telemark kommune er opptatt av å jobbe systematisk for å utvikle eit godt psykososialt miljø. Bø kommune og Sauherad kommune har tidlegare deltatt i Zero-programmet mot mobbing og antisocial åfferd. Programmet har som hovudmål å redusere eksisterande mobbeproblem, og å førebygge mobbing og skape et trygt og godt læringsmiljø for alle. «Mitt Val!» - programmet blir også nytta i begge kommunane. Bø ungdomsskule og Sauherad barne- og ungdomsskole har i fleire år hatt ART-kurs for sine elevar (Aggression Replacement Training). Sauherad barne- og ungdomsskole har trivselsleiarar i friminutta, på same måte som Folkestad skule. Trivselsleierane har ansvar for ulike aktivitetar i friminutta der det er mogleg for alle elevar å delta.

Kjenneteikna på skolemiljøet skal vera:

- Varme, positiv interesse og engasjement frå dei vaksne
- Faste grenser mot uakseptabel åferd
- Alle elevar skal uansett bli handsama med respekt
- Vaksne som er autoritetar og samstundes er positive rollemodellar og samarbeidspartnarar i skulesamfunnet

[3. Definisjonar:](#)

«Trygt og godt»

Elevar som ikkje opplever skolemiljøet som trygt og godt kan til dømes oppleve mobbing på skulen (sjå nedanfor), ha andre negative relasjonar til medelevar eller tilsette, eller bere på opplevingar som påverkar skulekvardagen negativt. NB: Det er elevane sjølv som har definisjonsmakta over kva som er «trygt og godt».

To definisjonar av mobbing:

En person er mobbet eller plaget når han eller hun, gjentatte ganger og over en viss tid, blir utsatt for negative handlingar fra en eller flere personer (Dan Olweus).

I elevundersøkinga definerast mobbing slik: «*Mobbing er gjentatt negativ eller "ondsinnet" atferd fra en eller flere rettet mot en elev som har vansker for å forsvere seg. Gjentatt erting på en ubehagelig og sårende måte er også mobbing. Atferden må finne sted to eller flere ganger i måneden eller oftere for å være mobbing.*»

Utestenging betyr at noen så godt som alltid blir holdt utenfor en gruppe eller klasse.

Vold innebærer at noen bruker fysisk makt for å skade andre.

Rasisme innebærer at noen blir forskjellsbehandlet eller plaget, for eksempel fordi de har en annen hudfarge eller snakker et annet språk.

Diskriminering betyr at en person blir dårligere behandlet eller trakassert, for eksempel på grunn av kjønn, funksjonsevne, tro, hudfarge eller opprinnelse.

Definisjonane er henta frå Utdanningsdirektoratet si brosjyre om elevene sitt skolemiljø.

Digital mobbing er en ny og krevjande utfordring kjenneteikna ved at mobbaren kan vera meir anonym. Det kan være vanskeleg å stoppe slik mobbing sedan eine ikkje alltid veit kven mobbaren er. Mobbing som i starten kan virke uskyldig, kan få langt større konsekvensar når ein bruker nett. Er innhaldet graverande nok, både kan og bør dette meldast til politiet. Er innhaldet relatert direkte til skulegang, kontaktast skulen si leiing som saman med føresette kan melde saka. Elles gjeld skulen sine nettvettreglar (sjå IKT-plan) og saksgang i mobbesaker.

Krenkingar er samnemninga på enkelthendingar som inneber at ein person sitt menneskeverd, sin integritet, sjølvbilde eller oppfatningar aktivt blir truga eller gjort svakare av ein eller fleire andre personar. Når krenkingar gjentek seg kallar vi det for mobbing. Det kan også vere vaksne som gjer seg skuld i krenkingar i skulen.

4. Haldningsskapande og førebyggande arbeid

OL § 9A-3 Nulltoleranse og systematisk arbeid, 2. avsnitt:

"Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slika at krava i eller i medhald av kapitelet blir oppfylte.»

Utdanningsdirektoratet framhevar fem viktige forskningsbaserte faktorar som fremjar eit godt læringsmiljø. Midt-Telemark kommune legg desse til grunn for arbeidet med det psykososiale miljøet:

- God leiing, organisasjon og kultur for læring på skulen
- Læraren si evne til å leie klasser og grupper
- Positive relasjonar mellom elev og lærer
- Positive relasjonar og kultur for læring blant elevane
- Godt samarbeid mellom skule og heim

(Jf. *Udir: Arbeid mot mobbing – veileder for ansatte og ledere i grunnskulen.*)

Informasjonsplikt

Skulane skal informere elevar, føresette og tilsette om rutinar, prosedyrar og lovverk knytta til kapittel 9A. Dette vert gjort både ved oppstart av skuleåret, og jamleg gjennom arbeid i personalgruppa, foreldremøter, elevråd og FAU / SMU. Skulen skal informere om elevrettane etter kapittel 9A, om korleis skulen jobbar med førebygging,

korleis konkrete saker vert handsama, og moglegheitene til å melde til Fylkesmannen.

Skulane har hovudansvaret for å opplyse dei føresette om arbeidet med elevane sitt psykososiale miljø. Kommunen har også eit overordna ansvar for at elevane sine rettar etter Opplæringslova kapittel 9A blir synleggjorde i skulane sine planar, praksis og ekstern informasjon. Elevrettane etter kapittel 9A er sterke og klare. Dei føresette skal få informasjon om at desse rettane, saman med skulane sitt målretta arbeid og sakshandsaming, skal vere positive drivrarar for eit best mogeleg skulemiljø.

Nokre kjenneteikn på at ein elev kan oppleve mobbing eller plaging:

- Skulevegring (er redd eller har motvilje mot å gå på skulen).
- Verkar ulykkeleg, nedfor eller har humørsvingningar med plutselege raseriutbrot.
- Vil berre vere inne og vegrar seg for å gå ut. Har få vener, er åleine i skulegarden.
- Blir innelukka og sluttar med fritidsaktivitetar.
- Kjem heim med øydelagde klede, ting eller bøker.
- Skuleprestasjonane blir därlegare.
- Går omvegar for å unngå bestemte personar.
- Har ofte därleg appetitt, hovudverk eller vondt i magen.
- Har uforklarlege skrammer og blåmerke.
- Har uroleg nattesøvn (mareritt/gret i sørne).
- Prøver å skjule at noko skjer.
- Søkjer vaksenkontakt.

Skulane sine vurderingar

Kontaktlærarar, faglærarar, SFO-tilsette og skuleleiing registerer og vurderer heile tida elevane sitt skulemiljø. Dette skjer i umiddelbare samtalar, planlagde møter i team/klasser/trinn, og i samband med elevsamtaler/foreldrekonferansar. Det er avgjerande for vidare handsaming at desse vurderingane skjer umiddelbart, og av dei vaksne som er til stades blant elevane. Vurderingane på dette nivået skjer munnleg. Dei tilsette skal varsle skuleleiinga ved kunnskap om eller mistanke om at ein elev ikkje har eit trygt og godt psykososialt skulemiljø.

Skulen har følgjande rutinar i samband med avdekking:

| Oppgåve | Ansvar for oppfølging |
|--|---|
| Kartlegging av skulemiljøet til den einskilde elev to ganger pr år gjennom utviklingssamtala/elevsamtala. | Kontaktlærar rapporter funn til rektor. Rektor bestemmer vidare oppfølging |
| Årleg undersøking av omfanget av mobbing ved skulen gjennom elevundersøkinga på 7. og 10. trinn samt eigen trivselsundersøking frå 1.-7.klasse. Ungdomsskulen har eiga trivselsundersøking. | Rektor / avdelingsleiar/ kontaktlærar |
| Årleg tema på foreldremøte, jamleg tema i elevråd og skulemiljøutval | Rektor/avdelingsleiar Kontaktlærar |

| | |
|---|---|
| Vakt- og tilsynsordningar i friminutt | Rektor/alle tilsette |
| Kontinuerleg registrering og vurdering av mistanke om hendingar i timer og friminutt (munnleg). | Alle lærarar / assistentar / SFO-tilsette |
| Bruk av meldeskjema ved kunnskap eller mistanke om elevar som ikkje har eit godt og trygt skulemiljø. | <i>Alle tilsette</i> er omfatta av varslingsplikta og har difor eit sjølvstendig ansvar for å varsle. Rektor fyller ut og registrerer aktivitetsplan. |

Førebyggjande arbeid på skulenivå

- Sterkt fokus på god klasseleiing.
- Arbeid med kvalitetssikring av oppfølging frå alle tilsette på skulen, etter modell av Zero-programmet sitt kvalitetssikringssystem og prosedyrar.
- «Mitt Val!» - programmet nyttast i arbeidet med utvikling av sosial og emosjonell kompetanse, og for å betre læringsmiljøet.
- Samarbeid med skulehelsetenesta i det førebyggande arbeidet og for å avdekke mobbing
 - ✓ Målretta helsesamtaler med alle elevar på 8. trinn blir gjennomførte kvart år
 - ✓ Helsesøster prioriterer tema sjølvbilde, sjølvkjensle og seksualundervisning i arbeidet på ungdomstrinnet
- Gode rutinar for gjennomføring av inspeksjon og vaksendekning i friminutt.
 - ✓ FAU og SU ved skulane bør vere med på utarbeiding av rutinane
- Trivselsleiarprogram/aktivitetskaptene (AK) for elevene i friminutta.
- Elevundersøkingar gjennomførast på fleire trinn
- Trivselsundersøking for 1.-7. trinn 2-4 gonger i året.
- Oppfølging av skulen sitt ordensreglement for å regulere elevane si åtferd på skulen, og på den måten sikre eit godt psykososialt miljø for alle. Dette skjer i samarbeid med FAU og elevråd. Klassene lagar også ofte sine eigne klasseromsreglar.
- Skulen sine rutinar ved fråvær skal følgjast opp av alle vaksne, og kan bidra til å avdekke om elevar ikkje trivast på skulen.
- Systematisk arbeid mot foreldregruppa iht rus, vald, spel og psykiske utfordringar som vil ha innverknad på elevane sin skulesituasjon. Bø ungdomsskule er til dømes med på prosjektet «Sterk og Klar».

Førebyggjande arbeid på trinnnivå/klassenivå

- Jamlege klassemøte med registreringar og vurderingar kring enkeltelevar sin skulesituasjon (jfr. pkt 5 «Handsaming»)
- Systematisk arbeid med sosiale ferdigheter. Sosiale mål på vekeplan og strategiplan.
- Følge opp resultata av trivselsundersøkingar og elevundersøkingar
- Gode samarbeidsrutinar mellom skule og heim.
- Trivsel, sosiale relasjoner som tema på trinnmøte og medarbeidersamtalar.

Brukarmedverknad

- Rektor har tett samarbeid med FAU i arbeidet med elevane sitt læringsmiljø.

- Skolemiljøutvalet har ein rådgjevande funksjon i høve til rektor i alt skolemiljørarbeid.
- Rektor rapporterer om kvalitetssikringsarbeidet til skolemiljøutvalet.
- Læringsmiljø og trivsel er tema på elevsamtales, foreldresamtaler og foreldremøte.
- Elevråd skal ha ei sentral rolle i arbeidet med skulen sitt psykososiale miljø.
- Det skal vera klassemøte før elevrådsmøte.

5. Handsaming

Fem plikter for skulane:

1. Følgje med
 - Alle vaksne i skulen har ansvar, spesielt ovanfor særskilt sårbare elevar.
 - Skulane må ha evne og vilje til å sjå.
 - Det er ikkje tilfredsstillande å til dømes anta at «Det går nok over, dei er berre ungar» når ein observerer hendingar som truar det psykososiale læringsmiljøet.
2. Gripe inn
 - Direkte inngraping ved hendingar eller tilhøve som ikkje gjev eit trygt og godt skolemiljø.
 - *Alle vaksne i skolemiljøet har dette ansvaret.*
3. Varsle
 - All mistanke varslast til rektor, som skal ha overordna og fullstendig oversikt.
 - Skuleeigar varslast i alvorlege tilfelle, og alltid viss det er tilsette som skapar eit utrygt / dåreg skolemiljø.
4. Undersøkje
 - Skuleleiinga si plikt.
 - Må ha kompetanse til å kunne avdekke.
 - Samarbeid med andre instansar ved behov. Helse, PPT, barnevern.
5. Sette inn tiltak
 - Tiltaka må vere eigna, tilstrekkelege og lovlege.
 - Eventuelle sanksjonar må vere definerte i ordens- og åferdsreglementet for skulen.

Pliktene gjeld sjølv om årsakene til at eleven ikkje har eit trygt og godt skolemiljø ligg utanfor skulen.

§ 9A-3 Aktivitetsplikt for å sikre at elevar har eit trygt og godt psykososialt skolemiljø,
 1. avsnitt: *Alle som arbeider på skolen, skal følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø, og gripe inn mot krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering dersom det er mogleg.*

Alle tilsette ved skulen har ei **aktivitetsplikt** som består av plikt til å gjera undersøkingar raskt, plikt til å varsle rektor og plikt til å gripe inn. Oppfyllast ikkje aktivitetsplikta, kan tilsette straffast med bøter eller fengsel i inntil 3 månader, jf. opplæringslova § 9A-13. Skulen sine plikter i høve til handsaming og vedtaksplikt står

nedanfor. Ved mistanke eller kunnskap om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar, skal tilsette nytte **aktivitetsplan**. (Sjå vedlegg C)

Ved varsling frå *tilsette* om kunnskap eller mistanke om at ein elev blir utsett for krenkjande ord eller handlingar, skal rektor etter undersøking avgjere kva tiltak som eventuelt skal settast inn, og det skal lages ein aktivitetsplan. Føresette skal underrettast kort tid etter varsling. Eventuelle tiltak som settast i verk, må dokumenterast, og tiltaka skal evaluerast.

Skulane skal gjere eit målretta arbeid gjennom kontakten med elevane. I undervisninga, i friminutta, i elevsamtalene og i foreldrekonferansane skal skulane vere observante og registrere teikn på elevar som slit (ref. skjema for elevamtaler / utviklingssamtaler i «Plan for Vurdering»).

Når ein vaksen krenkar elevar

Det kan vere ein vaksen ved skulen som er årsak til brot på rettane etter kapittel 9A. I slike tilfelle skal skuleeigar varslast av rektor. Om det er ein i skuleleiinga som er årsak til brot på kapittel 9A skal skuleeigar varslast direkte av meldar, utan å gå via skuleleiinga. Når det kjem melding om slike saker er det særskilt viktig at ein både tek i vare eleven og den tilsette saka gjeld. Skulen gjennomfører aktivitets- og dokumentasjonsplikta slik den er lagt fram i denne planen. I tillegg må sakshandsaminga sikre den tilsette sine arbeidsrettslege krav jfr. Arbeidsmiljølova, tilsetningsforholdet sine krav og forpliktelsar, og at den tilsette får tilfredsstillande høve til å forklare seg (kontradiksjon). Dokumentasjonsplikta er minst like viktig i slike saker, då saka kan få arbeidsrettsleg/personalsakleg etterspel for den tilsette, der det vil vere avgjerande for resultatet å kunne dokumentere særskilt godt korleis saka har vore handsama.

Dokumentasjonsplikta

I arbeidet med oppfølging av 9A-saker må skulane dokumentere sakshandsaminga. Dette sikrar moglegheit for å etterprøve arbeidet, oversikt over sakene, understøttar fagleg forsvarleg praksis ved skulane, gjev tryggleik for elevar og føresette, og gjer det enklare å gjere greie for sakene ved eventuelle klager.

1. Skulen skal lage ein aktivitetsplan for kva som skal settast inn av tiltak når ein sak blir meldt.
 - Denne aktivitetsplanen erstattar einskildvedtaket
 - Mal for aktivitetsplan skal nyttast
2. Skulen skal dokumentere kva som er gjort, og kva som vil gjerast for å oppfylle aktivitetsplikta
 - Skulane kan ta utgangspunkt i kva som kan forventast av dei på eit kvart tidspunkt i sakshandsaminga

Når elevar, føresette eller tilsette ved skulen avdekker at elevar blir utsette for krenkjande ord eller handlingar, skal skulen sikre saksbehandling og oppfølging i tråd med lovar og forskrifter. Alle elevar og føresette skal oppleve å bli tekne på alvor, og at skulen tek ansvar og initiativ for å stoppe slik åtferd.

Føresette og elevar kan også nytte meldeskjemaet. Dersom føresette/elevar munnleg rettar seg til skulen om forhold knytta til det psykososiale miljøet *skal* mottakar fylle ut meldeskjema og levere til rektor utan opphald.

I handsaming av saker under kapittel 9a er det særstakt viktig å sjå på kvar enkelt elev og kvar enkelt sak som unike. Planar for handtering av slike saker vil difor berre vere rettleiande, og ikkje kunne ta opp i seg individuelle behov i einskilde saker.

Problemsituasjonen følgjast inntil dei blir heilt borte.

Alle involverte elevar skal følgjast opp.

All dokumentasjon i sakene skal inn i kommunen sitt arkivsystem så snart som råd. Dette skal sikre at kommunen alltid er oppdatert på meldingar, sakshandsaming og oppfølging ute på skulane.

6. Sanksjonar

Dersom ikkje mobbing, krenkjande ord eller handlingar sluttar etter oppfølgingssamtaler med elev/ føresette, kan det brukast sanksjonar.

Sanksjonane skal ha som hensikt å redusere sannsynet for at eleven / elevane skal gjenta den negative åtferda. Prinsippa bak sanksjonane skal vere desse:

- Sanksjonar skal alltid vere heimla i skulen sitt ordens- og åtferdsreglement.
- Sanksjonane skal vere kjende på førehand av elevar, foreldre og tilsette.
- Sanksjonane bør så langt som råd ha ein logisk samanheng med regelbrota.
- Om ikkje korrigering av åtferd og påfølgjande åtvaring har gjeve resultat skal sanksjonar / negative konsekvensar for eleven være siste steg på handlingsstigen (sjå figur nedanfor, «Intervensjonstrappa», frå NOU 2015:2, s. 185).
- Sanksjonane bør settast i verk kort etter regelbrot og påfølgjande korrigering / åtvaring.
- Dei negative konsekvensane / sanksjonane bør vere milde, men effektive.
- Vedtekne sanksjonar skal alltid settast i verk.



Figur 14.3 Intervensjonstrappen

Sanksjonar for skulane i Midt-Telemark kommune:

- Den som mobbar / plagar kan miste retten til å bevege seg fritt på skuleområdet ved at ein vaksen må gå saman med eleven. Alternativt forsterkar skulen friminutta med vaksne der vi veit at mobbinga kan finne stad t.d. på fotballbanen.
- Den som mobbar / plagar kan for ein periode miste retten til å vera ute saman med dei andre elevane i pausar og friminutt.
- Pausar eller friminutt på andre tidspunkt enn andre elevar
- Eleven kan bli fråteke deltaking i spesielle aktivitetar som basisgruppa skal vera med på.
- Eleven kan midlertidig bli overført til anna basisgruppe eller trinn.
- Inndraging av utstyr som blir brukta i samband med regelbroten.
- Bortvising.
- Nedsett karakter i orden / åtferd.

Når mobbing/krenkinga handlar om utestenging og andre forhold som kan vera vanskeleg å avdekke og der mange er involverte, må ein arbeide på andre måtar. Ein må arbeide med heile klassa eller grupper av elevar og eventuelt grupper av føresette. Ein må òg involvere foreldra på ein annan måte enn elles. Miljøterapeut og helsesøster kan blir involvert i slikt arbeid. Miljøterapeut og helsesøster kan også arbeide førebyggande med slike tema over tid, i klassar der ein ser at klassemiljøet ikkje er godt nok. Føresette skal informerast om kva slag tiltak som blir sett i verk.

Tidsramma på dei forskjellige tiltaka blir tilpassa i høve til alvoret i saka. Sanksjonane skal ikkje vera slik at dei kan oppfattast som hemn.

I alvorlege tilfelle skal også eksterne partar inn i saka, for eksempel PPT, barnevern eller politi.

Om det vert gjort vedtak om skulebytte (Opplæringslova §8-1) eller bortvising (Opplæringslova §9a-11) så er dette sjølvstendige vedtak, med eigne lovheimlar og med eigen klagerett.

[*7. Kontinuerleg, langvarig og systematisk arbeid på skulane*](#)

§9a-3. Nulltoleranse og systematisk arbeid (internkontroll) Skulen skal arbeide kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at krava i eller i medhald av kapitelet blir oppfylte.

Skuleleiinga ved rektor har ansvaret for den daglege oppfølginga av skulen sitt systematiske arbeid. Det er sjølv sagt også ansvaret til alle dei tilsette i skulesamfunnet som i sum skal fange opp mistanke om hendingar som gjev grunn til oppfølging og handsaming etter denne planen.

Skulane har følgjande rutinar:

| | Oppgåver | Tidspunkt | Ansvar |
|---|--|--|--|
| 1 | Skulane jobbar heile tida med trivsel og tryggleik for elevane, gjennom tiltak i klassar, på trinn og for heile skulen. Til dømes turar, kulturelle innslag, lagbyggingsoppgåver, idrettsdagar, konkurransar og utstillingar. | Kontinuerleg | Klasselærarar Trinnlærarar Teamlærarar |
| 2 | Skulen sine tilsette drøftar og får ein felles forståing av skulen sitt syn på: - Kva er eit trygt og godt psykososialt miljø? - Kva er krenkjande åferd? - Kva er terskelen for å gripe inn? - Når og korleis skal skuleleiinga varslast - Korleis kan god klasseleiing sikre eit trygt og godt miljø? | Ved skulestart | Adm. ved rektor |
| 3 | Skulen sine planar og tiltak for førebyggande og haldningsskapande arbeid gjennomsyrar skulekvardagen. | Gjennom året | Leiinga og alle tilsette |
| 4 | Opplæring og informasjon til alle tilsette: -Plan får å sikre elevane eit trygt og godt psykososialt miljø i Midt-Telemark kommune -Ordensreglement -Kvalitetssikring jfr. prosedyrar i Zero-programmet -Prosedyrer ved mobbesaker -«Barn som bekymrar» | Alltid ved skulestart og ein til 2 gonger i løpet av året Synlege og visualiserte oppslag på infotavler | Adm. ved rektor |
| 5 | Nye føresette får info om planer og ordensreglar. Info skal ligge på heimesida. Føresette kan be om å få planane i papirutgåve. | Første foreldremøtet på hausten | Adm. ved rektor og kontaktlærar. |
| 6 | Elevar og føresette blir informert om planen og ordensreglane. Ordensreglane skal henge i klasserommet/på basen. | Kvar haust | Kontaktlærar |
| 7 | Tiltak og aktivitetar vedrørande skulemiljøet blir tekne opp i elevrådet | Gjennom heile året | Elevrådskontakt |
| 8 | Gjennomgang av elevundersøkinga og trivselsundersøking blir teke opp i personalet ev trinnmøte, elevråd, FAU og SMU | Kvar vår – ca. mars | Rektor og elevrådskontakt |
| 9 | Det blir halde oppsummeringsmøter med rektor og kontaktlærarar i etterkant av foreldremøter / foreldrekonferansar for å fange opp kunnskap eller mistanke om elevar som ikkje har eit trygt og godt | Mars / Oktober | Kontaktlærar/rektor |

| | | | |
|----|---|---------------------------------|---|
| | psykososialt miljø. Det skrivast referat frå møta, og nye saker registrerast fortløpande med aktivitetsplan inn i WebSak. | | |
| 10 | Skulen skal evaluere det førebyggande arbeidet og haldningsskapande arbeidet sitt kvart år. Evaluering og evt revidering blir gjort i fellestida for personalet, elevråd, FAU og SMU. | Kvar vår | Rektor Tilsette FAU SMU |
| 11 | Vakt – og tilsynsordningar skal evaluerast ein til to gonger i året felles og ev på trinnmøte | Haust og vår | Rektor |
| 12 | Internkontroll: Sjekkliste / praksis i høve til oppfølging av opplæringslova §9a, §11-1a(SMU) §9a-10 (ordensreglement) og §9a-11 (bortvising). Fylle ut «Sjekkliste for arbeid med elevane sitt skulemiljø», og legge ved dokumentasjon | Til kommunalsjef innan 30. juni | Rektor/ skuleansvarleg på kommunenivå. |

Planen for det psykososiale miljøet skal vera kjent for alle partar i skulemiljøet. Den skal gjennomgåast kvart år og ev reviderast om nødvendig. Planen justerast etter drøftingar i personalet, elevrådet, FAU, SMU og godkjennast av SU.

8. Kommunen si kontinuerlege oppfølging av arbeidet med kap. 9A

Kommunen v/kommunalsjef har gjennom planen lagt føringar for det daglege arbeidet på skulane, der rektor er ansvarleg for at rutinane blir følgde. På kommunalt nivå er det kommunalsjefen som skal ha oversikt over arbeidet på skulane. Skulane skal rapportere og dokumentere i rektormøter, i driftssamtaler og når kommunalsjef har varsle eit behov for det. Rapporteringa skjer munnleg i møta, og dokumenterast skriftleg i referat frå møtene. Dette skal rapporterast:

- kor mange §9a-saker dei arbeider med
- om dei har nytta aktivitetsplan i sakene
- om dei har registrert sakene i WebSak og ført saksnummer på aktivitetsplan
- korleis kunnskapen eller mistanken har kome fram
- kva tiltak som er sette i verk, både generelt og spesifikt
- om det er laga aktivitetsplan, og kva denne inneholder
- kva dokumentasjon som ligg føre av skulen sitt arbeid med konkrete saker og generelle mistankar
- korleis informasjonen ved skulane er behandla og sendt vidare
- kva forum dei har for å sikre at opplysingar om kap. 9A-relaterte saker blir vurderte og kjem vidare
- korleis dei handsamar resultat frå elevundersøkingar / trivsels-undersøkingar eller andre forum for innspel frå foreldre eller elevar
- om dei har følgd kommunen sin plan for arbeid med elevane sitt psykososiale miljø

Kommunalsjef fører gjennom WebSak oversikt over pågåande og avslutta saker. Oversikten inneholder saksnummer, namn og dato for melding av saka.

Avvik

Kommunalsjef har løpende kontakt med skulane. Månadlege rektormøter er eit fast forum for oppfølging av arbeidet med kapittel 9a i Opplæringslova. Det vil likevel skje oppfølging av dette utanom desse møtene, og krava ovanfor til skulane sin dokumentasjon og rapportering gjeld løpende. Om kommunen *utanom* driftssamtalene avdekker avvik i skulane sitt arbeid med lovkrava, gjeld frister og prosedyre i punkt 4 nedanfor.

Oversikten nedanfor viser kommunen sine rutinar for oppfølging av skulane:

| | Oppgåve | Tidspunkt | Ansvarleg | Oppfølging |
|---|--|----------------|------------------------|-----------------------|
| 1 | Skjemaet «Sjekkliste for arbeid med elevanes skulemiljø» skal fyllast ut i mai/juni, og skal opp til drøfting i SMU. Skjemaet skal også oversendast kommunalsjef innan 30. juni, saman med | Innan 30. juni | Rektor og kommunalsjef | Driftssamtaler august |

| | | | | |
|---|--|--|------------------------|--|
| | underliggende dokumentasjon. Skjemaet takast så med til skulens driftssamtale i august. | | | |
| 2 | Opplæring og informasjon til rektorane; gjennomgang av «Plan for eit trygt og godt psykososialt skulemiljø» | Årleg, august (eller første rektormøte etter ferien) | Kommunalsjef | Kommunalsjef |
| 3 | Eige kap.9A-punkt på dei månadlege rektormøtene | Løpande Månadleg | Rektor og kommunalsjef | Driftssamtaler og rektormøter følgjer opp korleis skulane følgjer opp arbeidet, jfr vedlegg/sjekkliste frå skulane og skjema for driftssamtale |
| 4 | Ved avdekking av avvik gjennom løpande kontakt eller i faste fora for skulane og kommunen, skal skulane innan tre veker lage ein aktivitetsplan for lukking av avvika. Aktivitetsplan sendast kommunalsjef. Planen følgjast opp i eigen samtale med kommunalsjef innan to månader etter gjennomført driftssamtale. | Innan 30. september / løpande | Kommunalsjef Rektor | Innan 30.oktober / tre veker etter avvik |
| 5 | Kommunen gjer greie for arbeidet med OL kap. 9 i den årlege tilstandsrapporten for skulane. | Oktober | Kommunalsjef | OK-utval Kommunestyre |

9. Vedlegg

- A. Meldeskjema - elevsamtale etter brot på ordens-/åtferdsreglement
- B. Meldeskjema - eleven sitt psykososiale miljø
- C. Mal for aktivitetsplan OL§ 9A-4, avsnitt 6
- D. Referat – oppsummerande evaluering av aktivitetsplan
- E. Handlingsplan – sjekkliste OL §9A-5
- F. Prosedyre for handsaming av saker etter OL §9A
- G. Prosedyre ved akutte saker etter OL §9A
- H. Prosedyre for handsaming av saker etter OL §9A
- I. Sjekkliste for arbeid med elevane sitt skolemiljø

A. Meldeskjema - elevsamtalesetter brot på ordens-/åtfærdsreglement

Til dei føresette

Ikkje offentleg: Offl. § 13, jfr. fvl. § 13.1.1

Skule:

Dato:

_____ har hatt ei elevsamtalesetning p.g.a. brot på ordensreglane ved skulen. Ordensreglane er definert som ei grense for kva skulesamfunnet ikkje vil akseptere av åtferd og handlingar i tilknyting til skulegangen. Brot på ordens- og åtfærdsreglane på skulen er eit brot mot elevane sin rett til eit trygt og godt psykososialt skolemiljø, jfr. Opplæringslova §9A.

| Vald | Slå, sparke, lugge, spytte, bite, klype, vera hardhendte mot kvarandre |
|--------|--|
| Kryss: | Merknad: |

| Trakassering | Truslar, tulletruslar, erting, plaging. |
|--------------|---|
| Kryss: | Merknad: |

| Negativ åtferd, stygg språkbruk | Til dømes kallenamn, negative kommentalar, skjellsord, banning, kroppsspråk, kverulering, nektar å følgje tilvisingar |
|---------------------------------|---|
| Kryss: | Merknad: |

Det blir oppfølgingsamtale/- samtaler med eleven dag kl.

_____ eleven

_____ lærar

_____ kontaktlærar

Føresette har lest meldinga
og snakka med eleven:

_____ Føresette si underskrift

Ikkje offentleg: Offl. § 13, jfr. Fvl. § 13.1.1

B. Meldeskjema - eleven sitt psykososiale miljø

Nyttast når det ligg føre mistanke eller kunnskap om at elevar lenger har eit trygt og godt psykososialt miljø, eller at eleven sitt psykososiale miljø ikkje fremjar helse, trivsel og læring.

| | | |
|------------------------------|--|---------|
| Kven gjeld saka? | | Klasse: |
| Kven er for øvrig involvert? | | Klasse: |

Aktuelle ansatte som er informert om episoden:

| | |
|-------|--|
| Namn: | |
|-------|--|

Om saka:

| | |
|----------------|---------------|
| Stad/dato/tid: | Type episode: |
|----------------|---------------|

Kva har skjedd? Kva personar er involverte?

Tiltak – korleis er det gripe inn?

Skjemaet er ikkje fylt ut av varslar

Skjemaet er fylt ut av varslar

Dato for utfylling: _____ Underskrift frå utfyller: _____

Dato mottatt hos leiinga: _____ Underskrift frå skuleleiinga: _____

Har skuleeigar fått varsel om denne saka?

Ja

Nei

Rektors vurdering etter undersøkingar og samtaler med dei involverte (sett kryss).

| | |
|----------------------|--|
| Dato og underskrift: | <input type="checkbox"/> Retten til eit trygt og godt psykososialt skolemiljø er oppfylt <input type="checkbox"/> Retten til et trygt og godt psykososialt skolemiljø er ikkje oppfylt og ein aktivitetsplan utarbeidast. |
|----------------------|--|

Saka er registrert i WebSak med saksnummer

C. §9a - Elevane sitt skulemiljø - Aktivitetsplan

Planen gjeld for: _____ (Ein aktivitetsplan trenger ikkje å knytte seg opp mot ein særskilt elev, men kan ta for seg ein situasjon eller utfordring der fleire elevar er involvera.
Fyll inn det som passer)

| | |
|---|--|
| Kva for eit problem skal løysast? | |
| Kva har skulen planlagt? | |
| Når skal tiltaka gjennomførast? | |
| Kven er ansvarlig? | |
| Når skal tiltaka evaluerast? | |
| Kort oppsummering av kommunikasjon med elevar og foreldre | |
| Kort oppsummering av skulen si vurdering av saka | |

Dato:

Underskrift:

WebSak nr:

Det vil variere frå sak til sak kor mykje som skal dokumenterast i den einskilde saken. Det vil til dømes kunne være forsvarleg med ein kortare og meir skjematisk aktivitetsplan i saker der skulen setter inn tiltak tidleg i prosessen og tiltaka er enkle, enn i saker der tiltaka og saksforholdet er meir sammensatt og komplekst.

Aktivitetsplanen er ein erstatning for ein skildvedtak. I noen tilfeller vil det framleis vere aktuelt å fatte ein skildvedtak. Dette gjelder i tilfeller som skulebytte og bortvisning.

D. Referat – oppsummerende evaluering av aktivitetsplan etter Opplæringslova
§ 9A- 4

| | |
|---------------|--------|
| Elevens navn: | Født: |
| Skole: | Trinn: |

Aktivitetsplan datert:

Stad og dato for møtet:

Møteleiar:

Referent:

Til stades:

Oppsummerende evaluering av tiltak:

Eleven si oppleving nr:

Føresette si oppleving nr:

Skulen si vurdering:

Vidare oppfølging

Revidere aktivitetsplanen

Avslutte aktivitetsplanen

Kommentarar:

Skjemaet kan nyttast som avslutning på ei sak, eller som pågående evaluering av ei sak som ikkje er ferdig handsama.

E. Handlingsplan – sjekkliste § 9 A-5 – tilsette som krenkar

§ 9 A-5 Dersom ein som arbeider på skolen, får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider på skolen, utset ein elev for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkommande straks varsle rektor.

Rektor skal varsle skoleeigaren. Dersom det er ein i leiinga ved skolen som står bak krenkinga, skal skoleeigaren varslast direkte av den som fekk mistanke om eller kjennskap til krenkinga. Undersøking og tiltak etter § 9 A-4 tredje og fjerde ledd skal setjast i verk straks.

Hvem har hvilke plikter?

- **Hjem:** en som arbeider på skolen
- **Når:** ved mistanke eller kunnskap om
- **Hva:** at en som arbeider på skolen krenker barn
- **Plikt:** straks varsle rektor eller skoleeier

| | Hva skal gjøres | Ansvarlig |
|----|--|---|
| 1 | Straks melde fra til rektor eller skoleeier ved mistanke om eller kjennskap til at et barn blir krenket av voksen | Den som er vitne eller har kjennskap til krenkelsen |
| 2 | Registrere meldeskjema | Rektor |
| 3 | Varsle skoleeier | Rektor – eller varsler dersom en i ledelsen er den som krenker |
| 4 | Opprette sak i websak | Rektor |
| 5 | Varsle foreldrene om hva som har skjedd, og hva som skjer videre i saken | Rektor |
| 6 | Undersøke saken straks <ul style="list-style-type: none">- Snakke med barnet, barnets stemme SKAL bli hørt og dokumentert- Samtale med foresatte- Samtale med den som har krenket- Samtale med den som har meldt inn saken og eventuelt andre involverte | Rektor/ kontaktlærer |
| 7 | Konkludere i saken og evt. sette inn tiltak | Rektor- i samarbeid med de involverte |
| 8 | Informere alle involverte i saken om tiltak som settes igang | Rektor |
| 9 | Evaluere tiltakene etter samtaler med alle involverte | Rektor |
| 10 | Oppfølging av saken | Rektor |

NB! Alt skal dokumenteres!


Fylkesmannen har et mobilnummer som barn og foreldre kan benytte seg av:

468 31 621


De tar telefon mandag – fredag kl. 09.00 – 15.00.

Utenom denne tiden kan det sendes SMS, og du blir ringt tilbake neste dag.


F. Prosedyre for handsaming av saker etter opplæringslova §9a



G. Prosedyre ved akutte saker etter opplæringslova §9a



H. Prosedyre for handsaming av saker etter Opplæringslova §9a



I. Sjekkliste for arbeid med elevane sitt skulemiljø

Dato (SMU i mai/juni):
Elevrådsrepresentant:

Skule:
Foreldrerepresentant:

| Sjekkpunkt | Ja/nei | Kommentarar |
|--|--------|-------------|
| Er sjekklista frå førre kontroll følgd opp og alle avvik lukka | | |
| Informerar skulen om kap. §9a-systemet kvart år ved skulestart til elevar, personalet og føresette? <i>Legg ved dokumentasjon på gjennomført informasjon.</i> | | |
| Har skulen eit reglement som årleg gjennomgåast og reviderast før det sendes heim til føresette? Revidert, dato: | | |
| Har skulen gjennomført elevundersøkinga? Trinn: Mnd: | | |
| Har skulen gjennomført ei eiga trivselsundersøking? Trinn: Mnd: | | |
| Har elevane elevsamtaalar med kontaktlærar minimum to gonger i året? | | |
| Har alle føresette to utviklingssamtaalar med kontaktlærar årleg? | | |
| Har skulen eit elevråd samansett av elevar frå alle trinn på skulen? | | |
| Har skulen eit samarbeidsutval samansett etter § 11-1? | | |
| Har skulen eit skulemiljøutval i tråd med OL §11-1a? | | |
| Ser skulen til at elevar og føresette får informasjon og rett til å uttale seg om skulemiljøsaker, og at dei engasjerast i planlegging og gjennomføring av disse sakene? | | |
| Ser rektor tendensar i varslingsskjemaane? | | |
| Anna? | | |

Skjemaet skal fyllast ut i mai/juni, og skal opp til drøfting i SMU. Skjemaet skal også oversendast kommunalsjef innan 30. juni, saman med underliggende dokumentasjon (t.d. referat frå SU eller personalmøter, oppdaterte handlingsplanar, osb.) Dette tas med til driftssamtale i august og gjennomgåast med kommunalsjef. Skulane sitt arbeid med Opplæringslova kapittel 9 skal refererast i den årlege tilstandsrapporten for skulane.

Dette skjemaet nyttas som grunnlag for kommunen si vurdering av om skulane oppfyller lovkrava i høve til arbeidet med Opplæringslova. Ved avvik skal skulane innan tre veker etter gjennomført driftssamtale lage ein handlingsplan for lukking av avvika i tråd med oppsummering i driftssamtala. Handlingsplanen sendast kommunalsjef. Planen følgjast opp i eigen samtale med kommunalsjef innan to månader etter gjennomført driftssamtale.